




Våmur

Stuvestøyl 620 moh



Foto: Harald Owe Lauvland



VÅMUR TUROMRÅDE

Turområdet vi ynskjer deg velkommen til strekkjer seg frå Fyresdalvegen (355) ved Vikåne og austover til fjellområdet som grensar til Nissedal kommune (Den Grøne Nuten). Løypenettet startar på 575 moh, stig opp Viksvåone og vidare innover heiene i ca. 800 m høgde. Dei høgaste toppane er over 900 moh.

Her er mange flotte fjellvatn, og på di vandring i heiområda kan du sjå auren vakar i dei fleste av dei.

Løypene startar i blandingsskog av bar og lauvtre, men du er snart over tregrensen der fjellbjørk, lyng og lav dominerar.

Våmurheiane er gode bærheiar, med bær av mange slag.

Her er eitt rikt dyre- og fugleliv. Du kan møte elg, reinsdyr, hjort og rådyr, og haren med sine lystige hopp over lyngen. Tiur og røy held til i liene, og høgare oppe kan du treffa på kull både av orrfugl og rype. Er du heldig kan du sjå både kongeørn og fiskeørn.

Tidlegare var heiene her viktige utmarkareal for gardane i grenda. Stadnamn vitnar om stølsdrift og viktige slått- og beiteområde. Fiske og jakt var viktig som matauk, og i tidlegare tider som i dag gav utmarka kjærkomne inntekter.

Tur og skiløypene i området har vorte til i eit samarbeid mellom grunneigarar, Fyresdal Kommune og Våmur Løypelag. Grunnstamma i løypelaget er friluftss- interesserte hyttefolk.

Som karta syner er det fleire ulike traséar for skiløypene. Løypene vert kjørt med snøscooter og sporleggjar og er merkte med staur og raude merke-flagg. Det er sett opp informasjonstavler, «Her-står-du-nå»-karttavler, retningskilt og skilt med lokale stadnamn langs løypene.

God tur på ski vinterstid eller ein fottur på barmark!

Våmur Løypelag

Turar

Rundløype mellom hyttefelta	2,6 km
Rundløype Fisketjønn - Sandvatn	10,4 km
Grøne Nuten tur/retur	14,8 km
Maudalsrista - Fisketjønn	16,9 km
Urvatn - T-tjønn	13,0 km

Allemannsretten/Skikk og bruk

- Du kan ferdas fritt i utmark til fots
- Fri ferdsel skal ikkje vere til skade eller ulempe for andre, eller for plante- og dyreliv
- Vis omsyn til utmarksnæringane
- Forstyrr ikkje dyr og fuglar
- Alt villt er freda med unntak av lovleg jakt

Andre forslag til turar:

Urvatn - Tarmen via Osvatn	18,5 km
Jamndokk tur/retur	22,0 km
Konfjell tur/retur	29,0 km

Merking og skilting

Skiløypene er merka med raude merkeflagg



Foto: Harald Owe Lauvland




Foto: Anne-Lise V. Lauvland

Grønt kartproduksjon: Sonnegård as, Fyresdal



Generell General
Enkel Easy
Middels Medium
Krevende Challenging
Ekspert Expert

Velg tur etter evne! / Select the trip according to ability!

Symbolene angir hvor krevende turene er. Sorte symboler på hvit grunn er generelle, dvs. ikke graderte.

+ Ver merksam på
All ferdsel er på eige ansvar
Ved ulukker, ring 116117
Koordinatar der du står nå er:
• Aust 814820, nord 5905854

Caution
All passage is at your own risk
Call 116117 in emergency situations
Coordinates in case of emergency:
• East 814820, north 5905854

Drift og vedlikehald:
Våmur Løypelag

